

HOLVIK VEL HYTTEFORENING
c/o Vegard Moen Lars Skjolds gate 29
5534 HAUGESUND

Dato: 20.10.2025
Vår referanse: 2025/8037-2
Sakshandsamar: Kjell Christenson

Delegert vedtak
Kommunalsjef kultur, næring og fritid - nr. 256/25

Svar på søknad om scooterløype til oppkjøring av skiløype i regi av Holvik Vel hytteforening ved Møsvatn

Vedtak

Holvik Vel hytteforening v/Vegard Moen, Lars Skjolds gate 29, 5534 Haugesund, får i medhald av Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og islagte vassdrag §6 løyve til løypepreparering i området Holvik i Vinje kommune.

- Løyvet gjeld for vintersesongane 2025/2026 til og med 2029/2030.
- Prepareringa skal skje med snøskuter og sporkall. Løyvehavar er ansvarleg for samtykkje frå grunneigarane før løypeprepareringa tek til.
- Køytinga skal avgrensast strengt til preparering av skiløype. Køytinga skal nytte den traseèn som vist i søknaden.
- Løyvet skal alltid vera med og visast fram ved kontroll. Det skal nyttast registrert snøskuter.
- Løyvet gjeld desse personane: Vegard Moen, Preben Utzig, Bård Grønneberg, Tore Sanden, Joakim Landstad og F. Henckel.
- Køytinga skal skje så skånsamt som mogleg til plante-, dyre- og fuglelivet.

Bakgrunn

Det har vore gjeve løyve til Holvik vel hytteforening til oppkjøring av skiløyper sidan 2018. Dette er ein del av eit løypenett i Tinn og Vinje. Løyve i Tinn fyljer same tids intervall, det vert søkt nytt løyve i år der og. Det er same traseèn som tidlegare år. Grunneigarane i området har ikkje innvendingar mot løypetraseèn som skal nyttast. Etter § 3 bokstav h) Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og vassdrag er det direkte heimla at mellom anna idrettslag, kommunar og turistbedrifter kan preparere skiløyper i utmark. Velforeiningar kjem ikkje under dette, derfor krev tiltaket dispensasjon etter § 6 i forskrifta.

Vurdering:

Søknaden som ligg føre no er for fire nye år. Det har ikkje kome negative tilbakemeldingar på løypa. Løypa er fyrst og fremst ei «lokal» skiløype for hyttene i Holvik området, og det er velforeininga sine medlemmar som står for prepareringa.

Viktig å presisere at køytinga skal avgrensast strengt til preparering av skiløypa. Løypa skal opparbeidast med snøskuter og sporkall. Den vil derfor bli under 2 m brei og det skal ikkje gjerast terrenginngrep. Det er registrera freda kulturminne i området, men det skal

skje preparering kunn på snødekt mark. Dermed vil dette ikkje røre ved dei freda kulturminna. Delar av løypa vil gå på det regulerte Møsvatn, i eit område utanfor fareområde for usikker is. Det usikre området blir kvart år markert med sperregjerde.

Jf Regionalplan for Hardangervidda ligg løypa i Vinje utanfor nasjonalt villreinområde. Området blir bruka noe av villreinen, men da spesielt på vårparten og dermed utanom skisesongen.

Med helsing

Kjell Christenson

konsulent

Kultur, næring og fritid

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

1

Dispensasjon

Mottakarakar:

HOLVIK VEL HYTTEFORENING

I tråd med formannskapsvedtak 04.09.2025, skal ein ved utskriving av løyve til motorferdsel i utmark fakturere løyvehavar kr 315,- for kostnadar knytt til utskriving av løyvet. Faktura blir ettersendt.

Informasjon om retten til å klage

Jf. forvaltningslova § 28, kan du klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til mottakar. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut.

Klaga sender du skriftleg til Vinje kommune. Skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringane som er ynskjeleg og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.

